



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Knut Helge Olsen / 55516534

Vår referanse:  
16/21401-2

Deres referanse:

Vår dato:  
10.02.2016

### Fv. 137 Hegglandsdalsvegen i Os – Spørsmål om tidsbruk knytt til rydding av veg

I møte i Miljø- og samferdsleutvalet, Hordaland fylkeskommune, den 14. januar 2016, stilte Gustav Bahun (FrP) følgende spørsmål:

*«(...) Hegglandsdalsvegen i Os kommune var stengt i fleire dagar pga. at nokre tre bles over vegen. BKK tok sin del i løpet av timar, medan Statens vegvesen/operatørar vurderte det for farleg å rydde vegen.*

*Ber om kva for vurderingar som vart gjort når ein kunne la det gå så lang tid. Vegen er m.a. utrykningsveg for både brann og legevakt i samarbeidet mellom Os og Samnanger. Ber om skriftleg svar."*

Spørsmål gjeld Fv. 137 Hegglandsdalsvegen i Os kommune. Det er statens vegvesen som forvaltar drifts og vedlikehaldsansvaret for denne strekninga på vegne av Hordaland fylkeskommune. Endeleg ansvar for avgjerda om å halde vegen stengt ligg til Statens vegvesen.

Melding om tre over vegen nord for Hegglandsdalen barneskule blei registrert kl. 07:14 30. desember 2015. Statens vegvesen er på staden kl. 08:20 og slår fast at det ligg fleire store grantre i vegbanen, og at strømkablar er vikla inn i desse trea. Den sterke vinden forsett utover dagen og Statens vegvesen vurderte situasjonen slik at det ikkje var forsvarleg å sette i gang rydding. Den 31. desember gjennomførast ny synfaring på staden. Situasjonen er framleis så utrygg at ein vel å oppretthalde avgjerda om å utsette rydding til vinden løyar. Natt til 01. januar 2016 bles det ned fleire trær på staden, men vinden løyar no mykje utover natta. Morgonen 1. januar 2016 vurderast situasjonen som trygg nok til at rydding kan starte. Vegen blei opna att kl. 14:00 med avgrensing i høgde årsaka av lågt hengande kablar.

Statens vegvesen har kontinuerleg byggherrevakt gjennom heile året. Denne vakta er i slike tilfelle i tett kontakt med driftsentreprenør på staden. Byggherrevakta støttar seg på rapportane frå staden i vurderingane kring ei eventuell stenging. I desse vurderingane kjem tryggleik fyrst.

Rydding av store vindfall er farleg arbeid og krev særskilt kompetanse. I dette høvet nytta Statens vegvesen ein skogsentreprenør med erfaring frå rydding av denne typen vindfall. Omkopling, samt utlegging av midlertidig strømkabel på bakken er eit enklare oppdrag, men med mykje etterarbeid når staden er rydda for vindfall.

Stenginga av Hegglandsdalsvegen gjennom nyttårshelga skuldast mykje stort vindfall i vegbana og sterk vind, og fare for nye trevelt samt straumførande kablar i vegen. Statens vegvesen ber om forståing for at arbeidet tok så mykje tid som det gjorde i dette høvet.

Vegavdeling Hordaland  
Med hilsen

Olav Finne  
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge  
Seniorrådgjevar

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,  
5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*









